Utdanningsforbundet Nord-Fron

RETNINGSLINJER ÅRSMØTEPERIODEN 2023 – 24

Grunnlaget for det arbeidet Utdanningsforbundet gjer, finn vi i formålsparagrafen. Den overordna politikken blir vedtatt på landsmøte kvart 4.år. Den er styrande for alt arbeid i organisasjonen. Sentralstyret utarbeider kvart år ein strategisk plan som tydeleggjer prioriteringar og satsingsområder.

Formåls-paragrafen

- Utdanningsforbundet skal vareta medlemmene sine interesser når det gjeld lønns-, pensjons- og arbeidsvilkår, og når det gjeld profesjonsfaglege og utdanningspolitiske spørsmål.
- Utdanningsforbundet skal arbeide for at barn, unge og vaksne får eit kvalitativt godt og etisk forsvarleg opplæringstilbod, og for at utdanning skal ha ei sentral rolle i samfunnet.

Vi utdannar Norge 2020 - 23

- God utdanning og ein sterk profesjon
- Styring, leiing og partssamarbeid
- Lønn, arbeidsvilkår og arbeidsmiljø
- Organisasjonen i utvikling

Strategisk plan 2022 - 23

- Trygge og helsefremjande arbeidsplassar
- Styring av utdanningssektoren
- Fleire barnehagelærarar og auka bemanning i barnehagen
- Lønnspolitisk offensiv for lærarar i skulen

Retningslinjer for arbeid i lokallaga vedtakast på lokallagsårsmøte. Retningslinjene skal bygge på «Vi utdannar Norge» og «Strategisk plan». Styret utarbeider ein handlingsplan med konkrete tiltak for å følgje opp retningslinjene.

For perioden 2023 – 24 har årsmøtet vedtatt desse retningslinjene:

1. **Organisasjonsutvikling**
   Utdanningsforbundet Nord-Fron skal drive god utvikling av organisasjonen. Dei tillitsvalte skal ha kunnskap som gjer dei kompetente til dei oppgåvene dei er satt til å løyse. Medlemmane skal kjenne på tilhøyrsle til organisasjonen, og dei skal ha kjennskap til rettar og pliktar som er relevante for dei.

2. **Lønns- og arbeidsvilkår**
   Utdanningsforbundet Nord-Fron skal vareta medlemmane sine interesser når det gjeld lønn og pensjon. Vi skal sikre at lov- og avtaleverk blir følgt opp. Vi skal arbeide for at medlemmane får tilstrekkeleg tid til dei oppgåvene dei må løyse. Våre medlemmer skal ha eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø.

3. **Bemanning i skule og barnehage**
   Utdanningsforbundet Nord-Fron skal vere ein pådrivar for at dei nasjonale bemanningsnormene blir følgt opp. Vi skal bidra til auka rekruttering av kvalifiserte lærarar i skule og barnehage.

4. **Profesjonsfagleg kompetanseutvikling**
   Utdanningsforbundet Nord-Fron skal vere opptekne av profesjonsfaglege spørsmål. Vi skal vere med på å definere kva som er god kvalitet i skule og barnehage. Medlemmane våre skal ha god kjennskap til lærarprofesjonens etiske plattform.